



MØTEREFERAT

Dato: 25.11.2025

Stad: Teams (kl.12-15)

Referentar: Sigrid Bjørgum/Signe Sollien Haugå/Sonja Lien Skjevrak

MØTE

Referansegruppa for sti- og løypeplan

DELTAKARAR

Organisasjon	Namn	Til stades
Forvaltningssekretariatet SVR	Jørn Trygve Haug	x
Visit Setesdal	Roy Bakke	x
Midt-Agder friluftsråd	Magnus Thomassen	x
Statsforvaltaren i Agder, naturseksjonen	Therese Ramberg Sivertsen	x
Statsforvaltaren i Agder, planseksjonen	Sigrid Lofthus Drange	x
Agder fylkeskommune	Ingvild Paulsen	x
Villreinnemnda	Jarle Lunde	x
Adminstrasjonen	Signe Sollien Haugå	x
Adminstrasjonen	Sigrid Bjørgum	x
Adminstrasjonen	Sonja Lien Skjevrak	x
Ordførar	Hans Blattmann	-

REFERAT

1. Opning

Signe ønskte velkomen og orienterte om føremålet med møtet og målet om å legge fram ein ny sti- og løypeplan med brei involvering av ulike interesser og aktørar.

Planarbeidet skjer parallelt med utforming av ny arealdel til kommuneplanen.

Det vart ordskifte undervegs.

2. Orientering om planprosess

Orientering om planarbeidet og ulike omsyn ein har med seg inn i planarbeidet, framdrift og innkomne ønskje og innspel i grove trekk p.t..

Fokusområda i høve rettleiar for friluftslivet sine ferdslårer vart trekt fram.

Målet er å ha vedtak av planen til politisk behandling før sommarferien.

Spørsmål frå SVR om samkøyringa med kommuneplanen sin arealdel (KPA) gir premiss om vidare vekst i talet på fritidshytter?

- **Svar:** Planarbeidet for KPA omfattar gjennomgang av avsette område til utbygging. Det bli administrativt lagt opp til vesentleg reduksjon, med ein planreserve. Omstilling frå høg utbygging til meir avgrensa utbygging tar tid.

3. Innkomne innspel

Innspela syner at det er delte meiningar om vidare utvikling av sti og løypenettet. Ein merkar seg at lokale innbyggjarar gjerne vil ha nokre område for seg sjølv, dette kan også vere høgfjell og nærområde. På den andre sida vil hyttebyklarar gjerne gå i høgfjellsløyper, og turen rundt Auversvatn blir trekt fram som ei veldig fin løype. Grunna ulik grad av hytteutbygging og bruk i dei tre regionane, er det innspel om å ha ulike prinsipp for utvikling av løypenettet i regionane. Innspela stadfestar eit ønskje om å finne løysingar som fungerer for villreinen.

4. Tiltaksplan for villrein

Gjennomgang av kommunestyret sitt innspel til forslag til tiltaksplan for villrein.

Næringslivet i Bykle er noko einsidig førebels, og i arealstrategien er det sagt at ein legg opp til fortetting på Hovden og nye område for hytter i midtregionen. Dette passar dårleg med villreinkartet, der soner i Heiplanen, leveområde i naturbasen og fokusområde frå tiltaksplan ligg oppå kvarandre og nær kvarandre. Desse omsynssonene dekker i stor grad områda som ligg som utviklingsområde i planstrategien.

Kommentar frå Fylkeskommunen: Det er ein realitet at det er mykje hytter og turistar på Hovden som vil gå på tur. Ein må og ha med seg friluftsperspektivet, og allemannsretten. Kanalisering vil førebyggje at folk ferdast over alt.

I forvaltninga av villreinen er det ikkje godt å sjå nytta/effekt av tiltak dei første åra.

Gjeldande fokusområde for villreintrekk i tiltaksplanen: Statsforvaltaren i Agder har spelt inn restaureringstiltak på rv9. Det er behov for dialog med Bykle kommune for å sjå på detaljar saman.

5. Besøksforvaltning

Besøksforvaltning har tre perspektiv; naturforvaltning, destinasjonsutvikling og samfunnsutvikling. Det er utfordrande å ta omsyn til alle perspektiva og samtidig ikkje gjere situasjonen for villreinen verre. Målet må vere å kanalisere ferdsel til der det gjer minst mogleg skade. Det er eit uttalt mål at vi skal bli meir fysisk aktive, og Bykle kommune (BK) må balansere dette med sosial, økonomisk og miljømessig berekraft. Det er erfart at fleirtalet går der det er kanalisert ferdsel (merking og preparering).

Det fleire av deltakarane saknar er ei evaluering av gjeldande sti- og løypeplan. Evalueringa bør innehalde ein systematisk gjennomgang og skilje konsekvens (basert på fakta) og nytte. Vi har erfaring frå 3 år med prosjektet med adaptiv forvaltning av løyper, der ein hadde retningslinjer for kor tid ein kunne køyre opp desse. Det kan vere eit alternativ å ha liknande retningslinjer i føresegnene til ny sti og løypeplan. Dette gjer det legitimt å stoppe oppkøyring av løyper ved observasjon av dyr. Det må vere fokus på både allemannsrett og allemannsplikt, dvs. plikt til å respektere både grunneigarinteresser og villrein.

Kommentar om at det vi prøver å oppnå, særleg på Hovden Aust, er masseturisme i villreinen sitt matfat.

Løyper må sjåast i samanheng med KPA, og kor mykje som ligg som utbyggingsområde der. På sikt må vi ende opp med eit kart og føresegner. Desse bør vere langsiktige og robuste; 10 år er eit aktuelt tidsperspektiv. I ein revisjon er det viktig å bruke det ein har av eksisterande data om ferdsel, som GPS, Strava og andre opplysningar. SNO sendte i 2024 ut skriv om kva deira mandat er (kva dei kan gjere og ikkje gjere).

I åra framover kan ein ikkje forvente at det blir tilstrekkeleg med GPS-merka villrein eller tilgang på sanntidsdata, til at ein kan støtte seg på dette i høve til ei dynamisk løypeforvaltning. Dette gjeld ikkje minst austheia det det ikkje blir drive «CWD-merking» (skrantesjuke).

Innspel om at vi bør gjere ei kartlegging av område (til dømes eigna, eigna på vilkår, ueigna), og så vidare sjå på konkrete trasear innanfor dei ulike sonene.

Heilårsløyper - Her er det viktig å også tenke nærtur, samt universell utforming og toalett.

Løyper med avgrensing - Dynamisk (i staden for adaptiv) løypekøyring. Skal det innførast løyper med avgrensa bruk, må ein vite og ha ei førehandsavklaring om kva for kunnskap/kriterium ein skal bruke for å vere dynamisk.

Område utan løyper - Dette bør vere dei områda som er sårbare året rundt.

Sosiale media styrer ferdsel. Spesielt ser ein at turmåla Svånuten, Lislefjødnduten og Kaldsfjell er populære. Kan vi styre sosiale media?

Toppturar og kiting er populært. Kanalisering av ferdsel gjennom merking og preparering vil truleg i liten grad styre slik aktivitet. Her vil informasjon og marknadsføring vere sentrale verkemiddel.

Planen bør også avklare om det er det andre artar (for eksempel hekkelokalitet) som blir rørt av tilrettelegging for ferdsel.

Spørsmål frå kommunen: Det ligg tre ulike soner i Heiplanen, og ein opplev at fylkeskommunen ikkje nyttar denne til å fremje friluftsliv og regional utvikling i bygdeutviklingssona eller elles. Planen er kanskje ikkje relevant lenger?

- **Svar frå Agder fylkeskommune:** Det er planlagt at planprogram for revidering av Heiplanen blir sendt på høyring ca. april 2026. Det er usikkert kva planarbeidet vil omfatte. Det er mogleg det også blir ein regional sti og løypeplan som truleg berre vil ta for seg løypenett på tvers av kommunane som DNT sitt løypenett. Desse planprosessane er i startgropa, så det vil ikkje vere hensiktsmessig å vente på desse.

Det er ein stor og viktig jobb å informere om status på tilgang til løypetrasear. Dette må gjerast parallelt med plan for løyper. Det året løypene vart stengt, var det stor forståing og dette kom av god og sakleg informasjon. Det er viktig å fortsette den gode dialogen.

Bykle kommune har sendt ut førespurnad om utarbeiding av villreinrapport som kunnskapsgrunnlag til KPA inkludert sti og løypeplan. Her er det lurt å bruke data som finst. I tillegg til GPS- og Strava-data, er mellom anna <https://reindeermaps.nina.no/> relevant. I den etterspurde utgreiinga er det lagt vekt på å sjå på samla belastning. Statsforvaltaren i Agder spela inn at historikk om villreinen sin områdebruk og potensiale med omsyn til restaureringstiltak bør inngå i utgreiinga.

Statsforvaltar har spelt inn til KLD at dei ønskjer eit overordna ansvar for koordinering og oppfølging av tiltaksplanen. Bykle kommune ser det som ønskjeleg å vidareføre eit lokalt dialogforum med tanke på besøksforvalting der ulike brukargrupper og aktørar som blir rørt av restriksjonar, må involverast.

Det vart og teke opp at det er relevant å sjå på andre tider av året der delområde er viktige for villrein, seinsommar/haust og sommar/barmarksløyper i planarbeidet.

Villreinnemnda oppmoda kommunen til å ta drøfting med DNT om deira løypenett konkret i sti- og løypeplanarbeidet.

Visit Setesdal peika på at kommunen er sertifisert som berekraftig reisemål, og at ein driv ansvarsfull marknadsføring, og heller ikkje vil ha masseturisme. Det er viktig for dei at kommunen og andre og ser samfunnsutviklingsperspektivet, og konsekvensar av ev løypeomleggingar. Ser kanalisering som viktig, gjerne fleire låglandsløyper med møteplassar, men det er ikkje ønskjeleg å stenge Auversvatnløypa som er den mest populære rundløypa.

6. Avsluttande diskusjon

Bykle kommune er pressa med areal. Når det står att 1,5 % areal når ein har trekt frå ulike omsynssoner, så er det eit veldig avgrensa handlingsrom.

Spørsmål frå kommunen: Kva kan dei ulike deltakarane i referansegruppa hjelpe til med?

Deltakarane kan bidra med:

- Etablering av ei 3-delning av løypekategoriar (preparering heile året, preparering med avgrensingar og preparering bør unngås). Kriteria for dynamisk løypeforvaltning.
- Besøksperspektivet - balansering friluftsliv/turisme - samspel / problemløying + kommunikasjon
- Villreinfaglege moglegheitsrom og løysingar, og hjelp med det kritiske blikket
- Fokus på folkehelse, nærtur og universell utforming/møteplassar og gevinsten av å vere aktiv i naturen, og kvalitet i tilrettelegging.
- Tilgang til høgfjellet er ein realitet – styre ferdsla dit det gjer” minst vondt”
- Fokus på at i rammer kan det oppstå noko nytt innafor snevrare rammer
- Fokus på nærturar og kanalisering og kvalitet i tilrettelegginga

7. Vegen vidare

Kommunen skal legge fram førebels arbeid med ny arealdel for Statsforvaltar 15.desember.

Ressursgruppa ønskjer å sjå planen før den kjem på høyring. Det blir sendt ut møteinvitasjon anslagsvis til starten av februar 2026.

Presentasjonen blir lagt ved møtereferatet. Møtereferat i samband med planarbeidet og medverknad blir lagt på [heimesida](#).

Bykle, 04.12.2025